



FROSTATING
JORDSKIFTEOVERRETT

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007, Dep.
0030 Oslo

Og sendt per e-post 02.03.2015 til postmottak@lmd.dep.no

Arkivnummer

Vår referanse
78/2015

Vår dato
02.03.2015

Høring av ny jordskiftelov. Innspel frå jordskifteoverrettane.

Innleiing

Jordskifteoverrettane syner til høyringsbrev av 28.01.2015 frå Landbruks- og matdepartementet (LMD), med forslag til endring av lov av 21. juni 2013 (jordskiftelova). LMD skriv i sitt brev at det i hovudsak er § 6-21 (samt § 6-23) i ny jordskiftelov som no er på høring. Samstundes ber LMD om "*innspel til åpenbare feil som bør rettast i den nye lova*". Høyringsfrist er sett til 2. mars 2015.

Frostating jordskifteoverrett har teke på seg koordinering og innsending av felles fråsegn frå alle jordskifteoverrettane i landet på denne høyringa. Dei aktuelle jordskifteoverrettane er; Eidsivating, Agder, Gulating, Frostating og Hålogaland.

Drøfting

Innleiingsvis vil jordskifteoverrettane påpeika at me i hovudsak er samde i dei endringane som no er føreslegne i ny jordskiftelov (jskl.) §§ 6-21 og 6-23. Me har likevel eit forslag til ei lita endring i jskl. § 6-21, som er teke med i teksten nedanfor.

Jordskifteoverrettane har ytterlegare nokre forslag til endringar, som me meiner er av ein slik art at det kan føre til "*åpenbare feil*". I det etterfølgjande vil me gå kronologisk gjennom ny jordskiftelov, der me har merknadar. For å skilja ut sjølve lovteksten frå det andre, er det gjort innrykk i teksten. Der teksten er **utheva i gult**, er det ordlyd me viser særleg til, og der me gjerne har forslag til endringar og tillegg i lovteksten. Alle lovtilvisingar nedanfor er til ny jordskiftelov, dersom det ikkje særskilt er oppgjeve anna lov.

§ 3-8. Reglar om sambruk (bruksordning)

I jskl. § 3-8 tredje ledd første setning, heiter det;

"Jordskifteretten kan gi reglar om sambruk av uteareala til eigarseksjonar."

Jordskifteoverrettane vil i denne føreseigna ikkje føreslå endringar i lovteksten. Me meiner at føreseigna i jskl. § 3-8 tredje ledd er god, men teksten i førearbeida til lova er noko mangelfull. Dette kunne vore retta opp ved at LMD gjev meir utfyllande skildring i førearbeida til denne lovendringa som no er på høring. (*Sjå interne merknadar i vedlegget til underlag for dette.*)

§ 3-18. Vern mot tap

Me føreslår endring i jskl. § 3-18. Her bør det vere "og", ikkje "eller", slik som vist nedanfor:

Jordskifteløysinga skal ikkje føre til at kostnadene eller og ulempene blir større enn nytten for nokon eigedom eller bruksrett.

Grunngjeving: I si noverande form seier føresegna at korkje kostnadane eller ulempene kvar for seg får lov til å verta større enn nytta. Etter gamal lov var det *summen* av kostnadar og ulemper som skulle vektast opp mot nytta. Førearbeida til ny lov seier rett nok at føresegna skal ha dei same verknadar som jskl. § 3 bokstav a i 1979-lova. Då dette er ei av dei viktigaste føresegnene i lova, gjer jordskifteoverrettane likevel framlegg om ei endring her, slik at *eller* erstattast med *og*.

§ 3-37. Sperretid for nytt jordskifte

I jskl. § 3-37 andre ledd første setning, heiter det;

"Det er òg ein frist på ti år for behandling av nytt krav der jordskifte er nekta fordi vilkåra i §§ 3-2, 3-18 eller 3-19 ikkje var oppfylte. ..."

Her må det vera ein feil. Riktig referanse til paragrafane skal vera; "*§§ 3-2, 3-3 eller 3-18.*", dvs. at § 3-19 må takast ut og erstattast med § 3-3. Sjå førearbeida i Prop. 101 L (2012-2013) s. 441, der § 3-3 er med, mens § 3-19 framleis heng (feilaktig) med. I førearbeida s. 194 står det derimot slik som i lovteksten som no er framlagt. Sjå elles jskl. § 6-23 fjerde ledd bokstav a;

*"Ved jordskifteavgjerd tek retten avgjerd om
a) vilkåra for jordskifte i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte eller ikkje."*

Dette er lik referanse til paragrafane slik me no føreslår retta i jskl. § 3-37 fjerde ledd første setning.

Me vil difor føreslå slik ny ordlyd i jskl. § 3-37 andre ledd første setning;

Det er òg ein frist på ti år for behandling av nytt krav der jordskifte er nekta fordi vilkåra i §§ 3-2, 3-3 eller 3-18 eller 3-19 ikkje var oppfylte.

§ 6-1. Saksbehandlinga og tilhøvet til tvisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker

I jskl. § 6-1 andre ledd, er det eit par skrivefeil / manglar i teksten under oppramsinga av paragrafane. Her tek me med eit relevant utdrag frå jskl. § 6-1 andre ledd, som lyder slik;

"Desse delane, kapitla og paragrafane i tvisteloven¹ gjeld slik det går fram av paragrafane i lova her, og elles så langt dei høver: ... § 13-1 andre og og tredje ledd, §§ 13-3 og 13-4, kapittel 13 II, kapittel 14, § 15 første ledd bokstav b, §§ 15-6 til 15-8, ..."

I teksten "... § 13-1 andre og og tredje ledd, ..." er det eit "og" for mykje som må fjernast. Vidare står det i teksten "... § 15 første ledd bokstav b, ..." ein feil referanse til tvistelova. Sidan det ikkje finst nokon § 15 første ledd bokstav b i tvistelova, skal det her truleg visast til anten § 15-1, § 15-2 eller § 15-3 i tvistelova. Desse tre paragrafane er dei einaste aktuelle som inneheld bokstav b.

§ 6-21. Forslag til jordskifteavgjerd

LMD føreslår i sitt høyringsbrev endring av jskl. § 6-21 første ledd, med utkast til ny ordlyd;

"Når retten tek jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav b, f og h, skal retten utarbeide forslag som viser resultatet av jordskifteavgjerda, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane."

Me gjer framlegg om følgjande justering av ordlyden i jskl. § 6-21 første ledd;

Når For retten tek jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd bokstav b, f og h, skal retten utarbeide forslag som viser resultatet av jordskifteavgjerda, og forslaget skal leggjast skriftleg fram for partane.

Grunngjeving: Føresegna kan dermed gje ei meir presis skildring av kva steg i prosessen forslag til jordskiftevedtak skal oversendast partane for uttale.

§ 7-7. Sakskostnader som følgje av trekking av sak, avvising med vidare

I ny jskl. § 7-7 manglar det eit linjeskift i første avsnitt, pkt. c. I lova står det no:

"c) for seine krav eller opplysningar på dei som har valda kostnadane."

Det skulle ha vore linjeskift etter ordet opplysningar, slik at teksten "på dei som har valda kostnadane." står til heile avsnittet, dvs. til alle punkta; a, b og c. Slik det står i lova no, står dette uttrykket berre til pkt. c. I førearbeida til loven står dette riktig, sjå s. 508 i Prop. 101 L (2012-2013).

§ 9-7. Endringar i andre lover

I jskl. § 9-7 første ledd punkt 7, om endringar i servituttlova frå 1968, er ordlyden slik;

"§ 7 andre ledd første punktum skal lyde:

I slike høve skal eigaren, svara vederlag i jord, rettar eller pengar."

I jskl. § 9-7 første ledd punkt 7 er eit komma (utheva i gult ovanfor) utan nokon synleg funksjon teke inn i ny ordlyd for servituttlova § 7, like etter "eigaren". Om det er ein skrivefeil, bør kommaet takast ut av teksten.

Konklusjon

Jordskifteoverrettane gjev med dette si fråsegn til høyringsbrev av 28.01.2015 frå Landbruks- og matdepartementet (LMD), med forslag til endring av lov av 21. juni 2013 (jordskiftelova). Me vonar at våre merknadar vert teke omsyn til ved endring av lovteksten i ny jordskiftelov.

Me har i den interne høyringsrunden i jordskifteoverrettane motteke mange gode innspel til endringar i ny jordskiftelov. Fleire av desse innspela er for omfattande å taka med i vår fråsegn no, då LMD berre etterspør "innspel til åpenbare feil som bør rettast i den nye lova." Me har valt å gje LMD ei oversikt over desse interne merknadane i eit vedlegg til dette brevet. Me vil presisera at desse interne merknadane (i vedlegget) ikkje er gjennomgått og kvalitetssikra av jordskifteoverrettane i fellesskap. Me har likevel tenkt at det kan vera nyttig for LMD å ha kjennskap til desse momenta no, for å kunne gjera ei samla vurdering av trongen for revisjon av jordskiftelova på eit seinare tidspunkt.

Dersom det er oppfølgjande spørsmål til vår fråsegn, kan underteikna kontaktast.

Med venleg helsing
for jordskifteoverrettane
Frostating jordskifteoverrett

Viggo Finset

Viggo Finset

senioringeniør / utgreiar

Tlf. direkte innval: 7125 8252, mobil 9185 8461

E-post: viggo.finset@domstol.no

Vedlegg:

- Notat av 02.03.2015 med oversikt over innspel internt i jordskifteoverrettane, som ikkje er teke med i fråsegna til LMD.

Kopi til:

- Eidsivating jordskifteoverrett
- Agder jordskifteoverrett
- Gulating jordskifteoverrett
- Domstoladministrasjonen, Rettsenheten

Vedlegg til brev av 02.03.2015 frå jordskifteoverrettane til Landbruks- og matdepartementet, i høve høyring av ny jordskiftelov.

Bakgrunn

Det etterfølgjande er ei kronologisk oppstilling av lovparagrafar i ny jordskiftelov (jskl.), der me har fått innspel i høve intern høyring i jordskifteoverrettane. Dette er innspel som går utover det som Landbruks- og matdepartementet (LMD) har spurt etter i sitt høyringsbrev av 28.01.2015, i tillegg til §§ 6-21 og 6-23, nemleg "innspel til åpenbare feil som bør rettast i den nye lova". Desse innspela som er lista opp her, er ikkje kvalitetssikra eller gjennomgått av jordskifteoverrettane som gruppe. Innspela vil vera for omfattande for LMD å taka med i denne avgrensa høyringa av ny jordskiftelov no, men det kan vera nyttig for LMD å ha kjennskap til momenta for å kunne gjera ei samla vurdering av trongen for revisjon av jordskiftelova på eit seinare tidspunkt.

Opplisting av paragrafar i ny jordskiftelov (2013), der det er kome innspel med ønske om endringar:

§ 1-4. Kva det kan reisast sak om for jordskifteretten

Jordskiftelova § 1-4 bokstav a er formulert slik at jordskifteretten kan endre eigedomstilhøve og rettar for å skape meir tenlege tilhøve. Sjølv om paragrafen syner til kapittel 3 som reiser ei rekkje vilkår for dette, opnar paragrafen opp for ein vid tolking av kva som det kan krevjast jordskifte for. Formuleringa bør endrast slik at tolkinga vert innsnevra til å gjelde utenlege eigedomstilhøva, og ikkje strekkjer seg til å skape nye eigedomstilhøve som er meir tenlege.

Formuleringa slik den står i dag kan føre til ei mengde saker for jordskifterettane som ikkje oppfyller vilkåra for handsaming. Det bør difor varslast allereie i jskl. § 1-4 at ein ikkje kan bruke jordskifteretten som eigedomsutviklar. Me gjer framlegg om at ein tek ut "...skape meir tenlege tilhøve, ..." og set inn ei formulering som "...bøte på utenlege eigedomstilhøve, ...". Forslag til ny § 1-4 bokstav a i jordskiftelova, vert då slik som vist nedanfor;

Jordskifteretten kan behandle krav om

- a) *endring i eigedomstilhøve og rettar for å skape meir tenlege tilhøve bøte på utenlege eigedomstilhøve, jf. kapittel 3.*

Ei slik endring vil gjere at jskl. § 1-4 bokstav a vil stemme overeins med formuleringar i kapittel 3, til dømes jskl. § 3-1 første ledd første setning;

"Jordskifteretten kan bruke verkemidla i §§ 3-4 til 3-10 for å bøte på utenlege eigedomstilhøve slik det går fram av § 3-2."

og jskl. § 3-2 første ledd, første og andre setning, om utenlege eigedomstilhøve;

"Jordskifteretten kan halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 dersom minst éin eigedom eller bruksrett i jordskifteområdet¹ er vanskeleg å bruke på tenleg måte etter tida og tilhøva. Det same gjeld dersom det er grunn til å rekne med at minst éin eigedom eller bruksrett vil bli vanskeleg å bruke på tenleg måte som følgje av eit offentleg eller privat tiltak. ..."

Samstundes vil endring i jskl. § 1-4 bokstav a føre til at lovteksten er samanfallande med formålsteksten i jskl. § 1-1 første ledd:

"Formålet med lova er å leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Dette skal skje ved at

jordskifteretten bøter på **utenlege eigedoms- og brukstilhøve**, klarlegg og fastset grenser og rettar, og behandlar skjønn og andre avgjerder etter denne og andre lover."

§ 3-3. Meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet

Ein bør gjere ei endring i jskl. § 3-3 første ledd. Det følgjer av førearbeida at det ikkje er meininga å gjere ei realitetsendring frå dagens lov til ny lov. Etter 1979-lova er det eit vilkår for jordskifte, at jordskifteløysinga skal føre til meir tenlege eigedomstilhøve. Om det ikkje er tilfelle, kan ikkje saka handsamast av jordskifteretten. Dette bør kome klårt til uttrykk direkte i teksten i ny lov.

Me føreslår endring som vist nedanfor:

*Jordskifteretten kan berre halde jordskifte etter §§ 3-4 til 3-10 **for å skape dersom (eller om) jordskifteløysinga skaper** meir tenlege eigedomstilhøve i jordskifteområdet.¹*

§ 3-7. Deling av eigedom

I dagens jordskiftelov frå 1979 er det to heimlar for deling av eigedom, jf. § 2 bokstav f for deling i samsvar med formålet i jordlova og § 2 bokstav g for deling av personleg sameige. I ny jordskiftelov er det § 3-7 som omhandlar deling av eigedom. Etter vår meining verkar det som ny lovtekst i § 3-7 er mangelfull, då det ikkje er samsvar mellom ordlyd i førearbeida og i lova. I ny jordskiftelov er det teke ut eit nyttig og viktig verkemiddel som jordskifterettane har i dag etter jskl. § 2 bokstav f, nemleg deling etter jordlova*, utan at dette er grunngeve. Ein kan framleis dele ein eigedom etter høvetal, men den nye lovteksten verkar innskrenkande i høve til 1979-lova. Det vert truleg for omfattande å retta opp dette i denne avgrensa høyringa no, men jordskifteoverrettane finn det naturleg å påpeika det slik at ein kan retta opp denne mangelen ved neste revisjon av lova.

** Ein kan framleis dele ein eigedom i samsvar med formålet i jordlova i saker der det er deling etter høvetalet, men dette gjeld i praksis berre i eit fåtal saker. I dei fleste sakene er det aktuelt å gjera ei deling utan å nytta høvetalet, til dømes når ein deler "teig for teig", eller legg ein teig til ein granneeigedom. Tilleggsjord vert normalt delt etter areal, og ikkje etter høvetal.*

§ 3-8. Reglar om sambruk (bruksordning)

Jordskifteoverrettane vil føreslå nokre endringar i jskl. § 3-8, slik som vist nedanfor;

Forslag til ny ordlyd i jskl. § 3-8 første ledd;

*Jordskifteretten kan gi eller endre reglar for **eksisterande bruken i område der det er sambruk mellom eigedommar**. Jordskifteretten **kan skipe sambruk og gi reglar om sambruk** gi eller endre reglar om bruken, der det ikkje er sambruk frå før, dersom det er særlege grunnar for det.*

Forslag til ny ordlyd i jskl. § 3-8 tredje ledd;

*Jordskifteretten kan gi reglar om sambruk av uteareala til eigarseksjonar. Første og andre ledd gjeld **tilsvarande** for skiping av sambruk i uteareala til eigarseksjonar.*

Me føreslår å setja inn ordet "tilsvarande" for å få ei meir presis skildring av kva teksten gjeld.

Til støtte for vår argumentasjon (om § 3-8), tek me her med eit utdrag frå notat til justiskomiteen, utarbeidd 26.04.2013 av jordskifterettsleiarane Ragnhild Sæhlie Jetlund og Olav Ranum m.fl.;

"Begrunnelse:

Paragrafen er meint å erstatte gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c pkt. 1 og 2:

1. gi reglar om bruken i område der det er sambruk mellom eigedomar.

2. gi reglar om bruken i område der det ikkje er sambruk mellom eigedomar, når jordskifteretten finn at det ligg føre særlege grunnar.

I føreliggjande lovforslag er bruken erstatta med sambruk. Slik framlegget til lovtekst ligg føre, vil individualisering av bruk ikkje bli vidareført.

- Bokstav c pkt. 1 i dagens lov er ei vidareføring av § 83 i jordskiftelova frå 1950.
- I høyringsutkastet (§ 3-11) er bruken føreslege vidareført.
- Ingen høyringsfråsegn hadde merknader til denne ordbruken.
- I Prop. 101 L (2012-2013) s. 426: Paragrafen gjeld sambruk. Jordskifteretten får eit verktoy for å ordne bruken innan eit bestemt område. Det aktuelle området kan leggast ut slik at berre ein eigedom får ein bestemt rett på ein del av sambruksområdet. I andre høve kan sambruken leggast ut slik at fleire eigedommar har felles og likearta bruk av området ... Første ledd første punktum fører vidare heimelen i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 1 ... Andre punktum fører vidare vilkåret i gjeldande jordskiftelov § 2 første ledd bokstav c nr. 2.

Lovforarbeidet syner at meininga er å vidareføre gjeldande § 2 første ledd bokstav c pkt. 1 og 2, men lovteksten harmonerer ikkje godt med slik vidareføring. Det er forskjell på å gje reglar om sambruk og å gje reglar om bruken. Slik vi ser det, vil ei individualisering ikkje vera heimla etter forslaget slik det no ligg føre. Denne innsnevringa synes ikkje å vera tilsikta. For å tydeleggjera vidareføringa meiner vi det er nødvendig med ei endring av bestemmelsen."

§ 3-13. Eigedoms- og bruksrettstilhøva

Jskl. § 3-13 har to ledd. Me vil her føreslå eit tillegg til jskl. § 3-13, dvs. eit nytt tredje ledd;

"Dersom det i jordskiftesak er tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna, skal jordskifteretten etter krav frå ein part, avgjere tvisten når det trengst for å avgjere saka."

Grunngjeving: Jskl. § 4-4 gjeld tvist om underliggjande rettstilhøve i sak om rettsutgreiing eller grensefastsetjing. Noko tilsvarande klår føresegn er ikkje teke inn i lova for rettsendrande saker. Me føreslår difor å leggja til eit nytt tredje ledd i jskl. § 3-13, sjå ovanfor. Ordlyden som me føreslår er den same som i jskl. § 4-4, med unntak av at den rettar seg mot jordskiftesaker.

§ 3-20. Utlegging av grunn og bruksrett

Jskl. § 3-20 tredje ledd har i dag slik ordlyd;

"Jordskifteretten kan bruke pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad."

Me vil føreslå slik ny ordlyd i jskl. § 3-20 tredje ledd;

Jordskifteretten kan bruke Det kan svarast vederlag i pengar for å kompensere for ulik opparbeidingsgrad av areal som byter eigar.

Grunngjeving: Regelen er noko upresis i si noverande form. I tillegg kan formuleringa *"Jordskifteretten kan bruke pengar"* mistydast til at det er retten sjølv som kan bruke pengar, og ikkje partane (eller jordskifteretten på vegne av partane).

§ 3-33. Fare for elvebrot, skred, sandfok og liknande

I jskl. § 3-33 første ledd siste setning, heiter det;

"Er det ikkje teke omsyn til faren i jordskifteløysinga, skal jordskifteretten gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis skaden skal delast."

Me vil føreslå ei endring, ved å leggja til tekst i jskl. § 3-33 første ledd siste setning, slik;

*Er det ikkje teke omsyn til faren i jordskifteløysinga, skal jordskifteretten gi reglar for det tilfellet det blir skade, og først og fremst om korleis **kostnadene ved nødvendig utbetring av skaden skal delast.***

Grunngjeving: Omgrepet "deling av skade" verkar noko munnleg og upresis i forma.

§ 6-26. Rettsforlik

Jskl. § 6-26 første ledd har slik ordlyd;

"Partane kan berre gjere rettsforlik for jordskifteretten i slike spørsmål som retten elles kan avgjere ved dom etter § 6-23 første ledd."

Me vil føreslå å endre teksten i jskl. § 6-26 første ledd slik;

Anten etter alternativ 1:

Partane kan gjere rettsforlik for jordskifteretten i slike spørsmål som retten har kompetanse til å avgjere. Tvistelova § 19-11 gjeld fullt ut.

Eller etter alternativ 2:

Reglane om rettsforlik i tvistelova § 19-11 gjeld så langt dei høver.

Grunngjeving: Noverande føresegn vil innebere at partar som måtte ønskje semje gjennom eit rettsforlik i ei jordskiftesak etter §§ 3-4 til 3-12, ikkje lenger kan avhjelpast på dette punktet. Føresegna verkar i si noverande form å vera ei innskrenking av den moglegheita partane etter gjeldande praksis har til å inngå rettsforlik.

Temaet rettsforlik i ny jordskiftelov har og vorte diskutert tidlegare. I Prop. 101 L (2012-2013) s. 310, under pkt. 12.3.4.3.1, uttalar arbeidsgruppa:

"Arbeidsgruppa viser til at tvistelova har føresegner om rettsforlik i kapittel 19 IV. Arbeidsgruppa meinte rettsforlik ikkje er mindre praktisk for jordskifterettane enn for dei ordinære domstolane, og la til grunn at reglane om formkrav og kontroll med rettsforlik bør vere dei same etter jordskiftelova, som etter tvistelova. Arbeidsgruppa foreslo ein paragraf som innhaldsmessig er lik tvistelova § 19-11, jf. høyringsforslaget § 6-23."

Til dette uttalar jordskifterettane i Agder jordskiftedømme følgjande;

"Det er to forhold som er verdt å nevne i denne sammenheng. Det første er om det skal være mulig å anke over slik enighet, eller om det må reises sak for tingrett etter samme mønster som gjelder for rettsforlik. Det andre er sperrefristen på 10 år etter gjeldende lov § 4 og utkastet § 3-5. Dette er kanskje den viktigste grunnen til at rettsendring ikke bør inngå i eller omtales som rettsforlik. Rettsfastsetting er ikke til hinder for at det umiddelbart kan forlanges jordskifte etter kapittel 3, mens det for rettsendring gjelder en sperrefrist på 10 år. For mange vil det være vanskelig å forstå at deler av et rettsforlik kan revideres umiddelbart (forutsatt at eiendomsforholdene kan bedres) mens andre deler får en sperrefrist. Se også sitat fra sammendrag i Rt. 2005-985 foran. En sak etter utkastet kapittel 3 vil aldri være «innbrakt som tvistegenstand for domstolen» (understreket her.) Sak etter kapittel 3 er ikke tvist i jordskiftelovens forstand."

Både rettsfastsetjing, jordskifteavgjerd og rettsforlik gjev rettskraft på lik linje. Dette inneber i alle høve at krav om sak om same tilhøve som alt har vore oppe til handsaming, må avvisast. For jordskifteavgjerd er det likevel etter ti år mogleg å krevja ny sak om nøyaktig same tilhøve. Jordskifteretten må i et slikt høve taka opp kravet til realitetshandsaming, men kan naturlegvis avvise kravet om tilhøva ikkje er utenlege. Krav om sak innanfor eit jordskifteområde om eit nytt tema, til dømes ei bruksordning for ein veg som ikkje har vore handsama tidlegare i saka, kan like naturleg takast opp til handsaming uavhengig av 10-årsfristen, ettersom det nettopp dreier seg om nye tilhøve.

Etter dette er det vanskeleg å ha innvendingar mot at det gjerast rettsforlik i rettsendrande saker. Tvistelova § 19-11 tredje ledd gjev i alle høve tryggleik for at partane ikkje kan inngå rettsforlik om tilhøve dei har avgrensa råderett over.

Vedlegg til innspel 02.03.2015 frå jordskifteoverrettane til LMD i høve høyring av ny jordskiftelov.